



God vaksen for barn

Det du viser på skjermen:	Handling	Tips
Opne sida	<p>Introduser måten å jobbe på:</p> <p>Vi skal ha ei lita temaøkt frå Livet&Sånn. Vi skal sjå ein film og de skal få snakke saman i smågrupper. Filmane og opplegget er laga av psykologar og barnevernspedagog, ein kompetanse som supplerer den vi har i barnehagen. Vi brukar dette saman, men eg har ikkje rolla som ekspert eller foredragshaldar.</p>	
	<p>Vis filmen God vaksen for barn - YouTube</p>	<p>Du kan gjerne gjere klar filmen på førehand, sørg for at alle ser og hører. Sjå i fullskjerm, og bruk esc-knappen for å kome tilbake til sida.</p>
	<p>I starten av filmen seier dei noko om kva som formar oss som vaksne i møte med barn.</p> <p>Vi som jobbar her er ulike og har ulik bakgrunn. Dette vil kunne kjennast privat og personleg, så vi skal ikkje ha ein felles prat om dette no. Det er likevel greitt å tenke litt over for kvar av oss, og kanskje også vurdere om det er noko vi ber med oss som det kan vere lurt å prate med nokon om.</p>	
	<p>Filmen anbefaler at vi huskar å gjere dette i kvardagen når vi skal få til noko med barn som kan vere vanskeleg. Snakk saman i mindre grupper om dei ulike punkta. (Alle punkta kjem også som eigne filmar og minikurs, men bruk gjerne litt tid på det generelt også).</p>	
	<p>Felles refleksjon: er det noko av dette vi tenker vi bør følgje opp? Korleis?</p>	
Grå boks øvst – lær meir om dette	<p>Vis at dei kan gå inn på denne og finne tips til kvar dei kan lære meir om temaet.</p>	